

Radar

2012 nr. 4

Kyrkjeblad for Radøy sokn

28.årgang





DEN NORSKE KYRKJA
Radøy sokn

Idrettsvegen 1, 5936 Manger
Tlf 5634 9840 / radoysokn.no

Kontor- og telefonid
Måndag til fredag
kl 10 til 14

Dagleg leiar Audun Sylta
5634 9840
daglegleiar@radoysokn.no

Kontorfullmektig
Hilde Marit Solend
5634 9840
kontor@radoysokn.no

Sokneprest Kjell Sekkingstad
951 41 360
sokneprest@radoysokn.no

Prostiprest
Marianne Støylen Skauge
472 34 796
msskauge@radoysokn.no

Organist J. William Kay
915 91 482
jwkay@me.com

Arbeidsleiar kyrkjegardane
Arne Palmesen
911 53 484

Kyrkjetenar Hordabø/Manger
Sølvi Helen K.Mjøs
456 05 639

Kyrkjetenar Sæbø
Marta G.Hvidsten 909 18 214

Nytt ansikt på kyrkjekontoret

Prostiprest Marianne Støylen Skauge går ut i fødselspermisjon frå desember. Vi ynskjer henne alt godt og ser fram til at ho kjem tilbake neste år!

I permisjonstida hennar får vi ein ny medarbeidar på kyrkjekontoret som vil ha ansvar for nokre av dei arbeidsoppgåvene Marianne har. Ho heiter Marte Hovda Ottesen.

Kan du fortelja litt om deg sjølv, Marte?



Eg er 26 år og er oppvaksen i Åsane; men Ottesen-namnet kjem jo frå Toska på Radøy. Eg var ferdig utdanna teolog hausten 2011.

Kva held du på med til dagleg?

Våren 2012 hadde eg eit vikariat som ungdomsprest i Fana KFUK-KFUM. Sidan sommar har eg vore ansatt på bispedømekontoret som prosjektleiar for eit konfirmantprosjekt, noko eg kjem til å halde fram med i tillegg til vikariatet på Radøy.

Då ynskjer vi deg velkomen oss, Marte!

Eg gler meg til å få vera på Radøy og ser fram til å treffe både stab og kyrkjelyd!

Nytt frå dagleg leiar



Nok ein gong er vi inne i adventstida og grunnar kanskje litt på kor året vart av. Det er godt å ha mykje å gjera men fint å gå inn ei tid der vi skal ta det litt rolegare og sjå tilbake.

Året starta med bispevisitas tre dagar i januar i godt samarbeid med Austrheim og Fedje sokn. For mange av oss var dette ei ny erfaring. Sist visitas på Radøy var i 1997. Gjevande, men travelt og ei oppleving vi ikkje ville vore forutan.

I haust var det endeleg Nordhordland sin tur til å få midlar til trusopplæring. Saman med Austrheim og Fedje ser det ut som vi får tilført kr. 447 838 som årleg løyving. Kva tidspunkt det skal gjelda frå i 2013 er førebels usikkert, men vi kjem i gang. Vi har hatt eit godt samarbeid med dei to andre kommunane tidlegare og ser fram til det nye prosjektet. Kommunane er også utfordra til å vera med på spleiselaget og så langt ser det ut som vi kan koma i mål. Radøy sokn har sagt seg villig til å vera vertskommune og arbeidsgjevar for den nye medarbeidaren.

Økonomisk går vi i balanse også i 2012. Det ser førebels ut til å verta eit lite overskot noko som vi er godt nøgd med. Frå soknerådet er det føreslege ein liten auke i festeavgiftene for 2013. Dei andre prisane er uendra. Kommunestyret har no gjort endeleg vedtak om satsane. Så langt ser det ut som vi diverre ikkje får pengar til maling av kyrkja på Manger. Vi får venta å sjå, men må som alle andre leva for dei midlane vi har og ikkje for dei vi kunne tenkt oss.

Også i år har vi mange friviljuge som vi skuldar stor takk. Den nye gudstenesteordninga med friviljuge medliturgar har fått fram nye utfordringar, men har også gjeve mange fleire høve til å vera meir aktivt med.

Vi ynskjer dykk alle ei god julehelg og eit godt nytt år.

Audun Sylta



Gud med oss



Eg fekk for nokre år sidan høve til å vere med ein delegasjon som vitja dei gamle kontora til det russiske forsvarsdepartementet i Moskva. På veggen i korridoren hang det eit gigantisk maleri av hest og ryttrar i full stridsmundur. Tittelen på maleriet var på russisk, så eg måtte spørje tolken kva det tydde: “Gud med oss”, var svaret.

Gjennom historia har mange reist ut i krigen med denne trøysta: Gud er med oss. I denne korte setning kan det ligge ei djup kristen sanning, så vel som ein usann og farleg ideologi.

Det spørst korleis setning vert forstått og brukt.

Det er nok av dei som har gått i krigen, eller inn i politikken eller inn i konflikhtar og sagt: Det som eg kjempar for, er Guds vilje. Denne kampen skal vi aldri tape, for Gud er med oss. Vår sak er hans sak, og vi skal difor ofre alt for å vinne. I dei mest ekstreme tilfella er dette den kraft som inspirerer terroristen til forferdelege handlingar.

“Gud med oss” både kan og skal forståast på ein heilt annan måte. Dei legendariske forteljingane om Titanic’s forlis vil ha det til at “Nærmere deg min Gud”, vart spela av skipsorkesteret medan skipet sokk. Dersom dette er rett, så var melodien velvalt. For Gud har lova å vere nær menneske som søker han når all von er ute. Dei som ropar til Gud om hjelp, fordi dei vert omslutta av mørkret, anten det er pga. vonløyse, sjukdom eller krig, har rett til å seie: “Gud med oss”.

Ja, dette er faktisk juleevangeliet sine eldste røter, som går like attende til profeten. Jesja gav denne profetien i ei vanskeleg tid, at ei kvinne skulle føde eit barn som fekk namnet Immanuel. Immanuel er på hebraisk er ein setning som betyr “Gud er med oss” (Jes, 7,14). Engelen som kjem til Josef og kunngjer at Maria skal verte med barn, viser til denne gamle profetien. No skal det skje. Gud kjem til oss i mørkret som eit lite barn. Han vert eit hjelpelaust barn mellom hjelpelause menneske.

Sjå, møya skal bli med barn og føda ein son, og dei skal gje han namnet Immanuel – det tyder: Gud med oss (Matt 1,23)

Etter julenatt skal alle menneske som søker hjelp hos Gud når ingen annan hjelp kan finnast, kunne vite: Ja, Gud er med oss. Ikkje for å støtte alle våre krigar, meiningar og kampar. Men for å gje meg kraft til å leve og tru til å døy.

God jul til dykk alle. Måtte Guds fred vere med dykk gjennom eit nytt år.

*Geir Sørebo
prost*

Babysong på Manger


Dei siste 3 åra har vi hatt nokre kurs i babysong her på Radøy. Då det har vore gode erfaringer og positive tilbakemeldinger på dette tilbudet, ynskjer vi å starte opp nok eit kurs på nyåret.

Babysong er ein del av trusopplæringa, og er for foreldre og born 0-1 år. Det vil vera individuelt kor tidleg barnet er “klar” for å vere med, men det anbefales fyllte 2 mnd.

Kurset består av 10 samlinger. Samlingene vert på formiddagen, og varer ca. 1 1/2 time. Songstunda utgjer 30–45 minuttar, og etterpå vert det tid til å slappe av, prate og ete lunsj ilag. Ta med matpakke, så serverer vi kaffe/te.

Kva gjer ein så i samlinga? Jo, vi samlast i ring på golvet, på mjuke og gode matter. Så følgjer song og musikk, reglar og bevegelse, lytting og kontakt! Vi ynskjer å engasjere både foreldre og born, og hugs at som forelder har du den vakraste stemmen for akkurat ditt born! Musikk skaper gode øyeblikk, fellesskap og engasjement!

Velkomen til babysong!



STØRST AV ALT
TRUSOPPLÆRING I DEN NORSKE KYRKJA

Kursdag
Torsdagar, med opstart
17.01.2013

Stad
Kyrkjestova i Manger kyrkje
Kl 11 – 12.30

Kursleiar
Mette H. Hjelmeland

Påmelding
Radøy kyrkjekontor
5634 9840.
kontor@radoysokn.no

Mette H. Hjelmeland

Nytt misjonsprosjekt i Estland

Radøy sokn har i fleire år støtte eit misjonsprosjekt i Brasil. Prosjektet vart avslutta tidlegare i år då landsbyevangelist Sergio Schaeffer gjekk av med pensjon. No har soknet gått inn for å støtte eit nytt prosjekt, denne gongen i Europa.



Grethe Lunde frå NMS presenterte det nye prosjektet, kyrkjelydsplanting i Estland, i Sæbø kyrkje 25.november. "Før var det slik at misjonarar reiste frå Norge til Afrika og andre fattige verdsdelar," fortalde ho. "Men no reiser dei frå gamle misjonsmark til ein stadig meir sekulær Europa for å spreie evangeliet."

Eitt av landa der misjonsarbeidet er særskilt viktig er Estland. I kommunisttida var religionsutøvelse forbudt. No vil mange estere finne tilbake til kyrkja og kristendomen. Prosjektet med kyrkjelydsplanting vert dreve av Det Norske Misjonsselskap (NMS) og Radøy kyrkjelyd har gått inn for å støtte arbeidet med kr 15000 årleg. Under kan du lesa ei helsing frå Tiina Klement, prest og prosjektmedarbeidar i landsbyen Mustamäe.



Det er alltid spennende hvordan Gud leder mennesker. Det er to år siden jeg møtte Jaanika og guttene hennes. Jeg trengte en til å sy noe for meg og tok kontakt med en skredder. Det var Jaanika.

Det er Tiina Klement, leder for menigheten i Mustamäe som forteller, og hun fortsetter:

Da skredderjobben var gjort og jeg skulle gå, stoppet jeg ved ytterdøra og spurte om guttene hennes var interessert i søndagsskole. Til min store overraskelse, var svaret ja. Det viste seg at Jaanika ble døpt for mange år siden, men hadde mistet kontakt med kirken. Hun var ikke sikker på om hun trodde på Gud, men ville gjerne komme og se hva vi drev med i menigheten.

Hun kom og tok begge guttene med seg. Etter et par måneder ble hun medlem i menigheten. Og slik startet vi søndagsskoleaktiviteter med de to guttene hennes, Jarmo og Jardo. Siden har de vært med, og det er veldig bra.

Jeg spør Jaanika hvordan tiden i menigheten har vært for henne, og hun sier at hun har fått nye venner og er blitt kjent med flotte mennesker. "Nå har jeg et godt sted hvor jeg kan gå. Det betyr avveksling for meg i en veldig tøff hverdag", sier hun.

Hun hadde ingen kristne venner fra før, og da de gamle vennene fikk vite at hun hadde begynt å gå i kirken, fikk hun mange negative kommentarer. Også mannen hennes var imot at hun gikk dit. Ofte var jeg veldig overrasket over at hun kom på tross av all motstanden hun møtte. Nå har hun fått flere nye venner i menigheten, noe som gjør hverdagen lettere.

Og selv om Jaanika ennå er veldig usikker på sin tro, vil hun være med i et kristent fellesskap. Vi har sett at det er veldig viktig å skape et tilbud med lav terskel der også nye kan føle seg trygge og inkluderte. Når jeg spør hva hun har likt best i løpet av tiden hun har vært hos oss, svarer hun: "Jeg husker spesielt bussturene vi har hatt sammen. Jeg har aldri hatt mulighet til å reise og se disse stedene alene. Og så var det så god atmosfære blant de som var med."

Det er mange familier i Mustamäe, spesielt mange mødre, som enten bor alene med barna eller som har et vanskelig ekteskap. De føler seg alene, og mange av dem har i tillegg veldig dårlig økonomi. Derfor ønsker vi å skape et fellesskap blant mødre som har barna sine i vår søndagsskole, men som ikke kjenner den kristne tro.

*Tiina Klement,
prest og leder for menigheten i
Mustamäe*



Fakta om Estland



Nasjonalsong

"Mu isamaa, mu õnn ja rõõm"

Offisielle språk

Estisk

Hovudstad

Tallinn

Styresett

Republikk

President: Toomas Hendrik Ilves

Statsminister: Andrus Ansip

Flatevidd

Totalt 45 228km²

Andel vatn 4,56%

Folketal

Estimert (2012) 1 274 709

Tettleik 28,2/km²

Sjølvstende

Frå Russland 24.02.1918

Frå Sovjetunionen 20.08.1991

Nasjonaldag

24.februar

Valuta

Euro

Tidssone

UTC +2 timar

Kjelde: Wikipedia

Fredagstreff i Sæbø kyrkje

Kyrkjelydsutvalet har i haust starta opp med fredagstreff i Sæbø kyrkje. Me har eit ynskje om å bruka denne flotte kyrkja vår meir, etter me fekk sett inn stolar er den også godt egna til andre samlingar enn tradisjonelle gudstenester.



Fredagstreff er ein fellesskapskveld for vaksne der me har eit tema for kvelden, song og musikkinnslag, tid til prat og kveldsmat. Det varer frå kl 20 til 22.

Me håpar mange har lyst å stikke innom kyrkja desse kveldane, og ta gjerne turen også om du har eit stykke veg. Fyrste samling på nyåret får me besøk av May

Irene Wergeland som var vikarprest hos oss tidlegare.

Fredag 25.januar kl.20	Tema for kvelden: "Alle har hast, ingen har tid, alle har sitt å gjøre" Kva ynskjer me for fellesskapa våre? v/May Irene Wergeland
Fredag 5.april kl.20	Tema for kvelden: "Som liljene på marken" Om å leva enklare v/Barbro Raen Thomassen. Musikk/sang ved Tore Thomassen

Glimt frå "pipekonserten" 18.november



• Ein god dag for orgelaksjonen i Manger kyrkje. Vel 70 personar fann vegen til kyrkja denne søndags ettermiddag, og mange valde å støtte orgelet ved å verta pipefadder. På biletet ser vi pipefadrar Jon Askeland, Jakob Helland og Karl Kolstad saman med William Kay og Audun Sylta.

Norsk salmebok 2013

Dei siste åra har Den norske kyrkja gått gjennom fleire reformar. No i desse dagar tek kyrkjelydar over heile landet i bruk dei nye gudstenesteordningane sine (lokal grunnordning). Neste år kjem eit nytt ledd i reformarbeidet – ny salmebok.

Den nye salmeboka blei autorisert av Kyrkemøtet i april 2012. Den blir utgitt hausten 2013 og får tittelen "Norsk salmebok 2013". Salmeboka har større sjangerbreidde enn tidlegare salmebøker i Den norske kyrkja – og rommar den kjente og kjære salmeskatten så vel som nye salmar frå inn- og utland. Utvalet vitnar om at kyrkja samstundes er grunnfesta i lokalmiljøet og i ein verdsvid fellesskap. 535 nummer i den nye boka er førte vidare frå Norsk Salmebok (1985), og 124 kjem frå Salmer 1997. Talet på nye salmar er 240, og av desse var 174 med i høyringsframlegget Salmebok 2008. Av salmane på norsk språk er 39,0 % på nynorsk og 61,0 % på bokmål. Det er òg med 15 salmar på kvart av dei tre samiske språka, og på kvensk.

- Full oversikt over innhaldet i Norsk salmebok 2013 finst på kyrkja.no

Jul i Norsk salmebok 2013

– Er favoritten din med?

Et barn er født i Betlehem
Eit barn er født i Betlehem
Jeg synger julekvad
Eg synger jolekvad
Klinge skal et jubelkor
Et lite barn så lystelig
Eit lite barn, med frydeskrik
Du være lovet, Jesus Krist
Du vere lova, Jesus Krist
Fra himlen høyt jeg kommer her
Frå høge himmel kjem eg ned
Det hev ei rose sprunge
Ved krubba di, der vil eg stå
Den yndigste rose
Her kommer dine arme små
Her kjem me, dine arme små
I denne søte juletid
Mitt hjerte alltid vanker

Muv vájmmo álu uhtjat
Mun syđän sielä kulkkee
Höyr kor englar syng frå sky
Å kom nå med lovsang
En frelser er oss født i dag
I dag er fødd ein frelsar stor
Å du heilage
Stille natt, hellige natt
Stille natt, heilage natt
Det kimer nå til julefest
Barn Jesus i en krybbe lå
I kong Davids by det hende
Glade jul, hellige jul
Glade jol, heilage jol
Aavoos jávli
Deilig er jorden
Hávski lea eanan
Eatneme tjaebpies
Maa oon niin kaunis
Kim, alle klokker
Fra fjord og fjære
Jeg er så glad hver julekveld
Eg er så glad kvar jolekveld
Du grønne glitrende tre

Å Betlehem, du vesle by
No koma Guds englar
Midt i hårddest vinter
En krybbe var vuggen
Ei krubbe var vogga
Gjev ikkje glans og gull og prakt
Kling no, klokka
Nå vandrer fra hver
en verdens krok
Gud sin egen Sønn oss gav
Sjå, tusen julelys blir kveikt
Sæle jolekveld
Det lyser i stille grender
Nå har vi vaske golvet
Vi ser deg, Herre Jesus
Gullet buori såga
Höyr den gode tidend
Guds frelse til verda er komen
Nå er den hellige time
I en natt så klar og kald
Djupaste mørker ligg over jord
Røster fra himlen
Vem har tånt den stjärnan



Ludvig Grindheim
Leiar 2011-2012
Administrasjonsutval
Kyrkjelydsutvalet i Hordabø



Gudrun Rikstad
Nestleiar 2011-2012
Administrasjonsutval
Kyrkjelydsutvalet i Manger



Elin Klausen
Administrasjonsutval



Simon Grandahl
Gudstenesteutvalet
Kyrkjelydsutvalet i Sæbo



Marta Grønstad Hvidsten
Gudstenesteutvalet
Kyrkjelydsutvalet i Sæbo



Britt Sissel Kvamme
Kyrkjelydsutvalet i Sæbo



Kenth Remy Nesbø
Offerkomiteen



Silje Kristin Ellingsen
Offerkomiteen

Stenging av Hordabø kyrkje

Golv et i kyrkja treng ny lakk. Det er lite pent og i tillegg vanskeleg å halda reint. Benkane i kyrkja er sett fast med spikar og skruar og for å kunna slipa ned golv et må vi ta laus alle benkane og gjere ferdig ei side om gongen.

Dette er eit omfattande arbeid og vi kan diverre ikkje ha tenester i kyrkja i denne perioden. Siste gudstenesta før stenging vert søndag 10.februar. Neste gudsteneste i Hordabø er planlagt i Hordabø søndag 17.mars.

Dersom vi vert ferdig tidlegare vert kyrkja opna, men i utgangspunktet vil gravferder i denne perioden verta frå Manger kyrkje.

Takk for gåva!

Det er mange som gjev gåver til kyrkja i form av bladpengar for Radar, pipefadrar og minnegåver. Dette er gode tilskot for at vi skal kunna driva verksemda slik vi ynskjer.

Vi har også nokon som under teiknar med "to gamle" som av og til legg ein konvolutt med pengar i postkassen. Dei skriv at pengane skal gå til barne- og ungdomsarbeidet i Radøy og det skal vi syta for. Vi veit ikkje kven det er men takkar så mykje for gåva nok ein gong. God advent til dykk begge.

Takmalinga innvendig i Sæbo kyrkje har flassa av ei stund. Vi veit ikkje heilt kvifor malinga har begynt å løsna, men no er taket skrapa og nymåla og vi vonar det vert ei stund til neste gong.

Radøy kommune har vore hjelpsam med å låna oss stillas både med og utan hjul. I tillegg til dei fast tilsette har det vore godt å kunna ty til pensjonerte kyrkjegardsarbeidarar for å verta ferdig tidnok. Kyrkja har vore stengt for gravferder under arbeidet.



Tekstbok for Den norske kyrkja

- no i lita utgåve!

Den norske kyrkja fekk ny tekstbok i fjor som blei teken i bruk 1.sundag i adventstida 2011. Mange har etterspurt ei lita utgåve av tekstboka som er lettare å handtere enn dei store bøkene som finst i kyrkjene.

Den 19.november blei tekstboka endeleg tilgjengeleg i lita utgåve. Den er utgitt av Det norske Bibelselskapet og kostar kr 375. Du finn den på bokhandel og den kan også tingast på internett, t.d. frå Eide forlag (www.eideforlag.no).



Tre retters middag i kyrkjestova!

Ein av premiane i orgelotteriet var tre retters middag for to eller fire arrangert av kyrkjekontoret. Sindre Visnes var den heldige vinnaren, og tysdag 6. november kl. 17.00 var det klart til middag for Sindre og tre av venene hans.



Soknepresten var kokk, medan dagleg leiar var hjelpekokk og servitør. Bordet var fint dekket og forretten, avokado med reker gjekk ned på høgkant. Hovudretten var biff med hasselbackpoteter, champignon, kvitlauk, brokkoli og raudvinssaus. Det smakte fint, men soppen var kanskje litt uvant for nokre. Til dessert serverte vi banansplitt og kaffi.

Vinnaren med følgje var godt nøgd med måltidet og vi hadde ei fin stund med god mat og hyggeleg prat i kyrkjestova.

Kjell Sekkingstad og Audun Sylta.

Vil du bli frivillig medarbeidar på Kirkens SOS kriseteneste?

Innføringskurs for nye medarbeidarar på telefon eller SOSchat tek til i februar 2013!

Vi treng menneske som vil prate med medmenneske som har det vanskeleg. Oppgåva di er å lytte og tenkje høgt saman med den som tek kontakt. Du skal ikkje gje råd eller løyse den andre sine problem.

Du får innføringskurs, rettleiing og vidare fagleg oppfølging så lenge du er med i tenesta. Vanleg vaktturnus er ca. kvar 12. dag, tilpassa din kvardag. Kirkens SOS er ein døgnopen krisetelefon, tilgjengeleg via telefon, SOSmelding og SOSchat. Du må vere mellom 20 og 80 år, og du må ha avstand til eigne kriser.

Kursstart i Bergen 11. februar 2013. Interessert?

Kontakt oss på 55 32 58 45 / 941 83 654, bjorgvin@kirkens-sos.no eller www.kirkens-sos.no/bjorgvin

Innkomne offer


Dag	Offermål	Kr	
14.10	20.s.i treeiningstida	De fire diakoninstitusjonene	1734,00
21.10	21.s.i treeiningstida	Bergen søndagsskolekrets	2918,00
28.10	Bots- og bøneda	Kirkens SOS i Bjørgvin	1399,00
11.11	24.s.i treeiningstida	Stefanusalliansen	1667,00
18.11	25.s.i treeiningstida	Orgelprosjektet Manger kyrkje	1972,00
25.11	Siste søndag i kyrkjeåret	Kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt i Estland	3617,00
02.12	1.sundag i adventstida	Trusopplæring i Radøy	2288,00

	Denne perioden	Hittil i år
Offer til kyrkjelydsarbeid (diakoni, kyrkjemusikk):	0,00	14179,00
Offer til trusopplæring (born og ungdom 0-18 år):	2288,00	29612,33
Offer til orgelprosjektet	1972,00	14270,00
Offer til andre organisasjonar:	11335,00	132991,00

Opningstider i romjula

I romjula er kyrkjekontoret opent berre ein dag, torsdag 27. desember kl 10-14.

Kontoret opnar igjen onsdag 2. januar 2013 kl 10. Vi ynskjer alle ei fredfull julehøgtid!



Radøy sokn på sosiale medier

Radøy sokn var tidleg ute med internettsider, og er no til stades både på Twitter og Facebook.

Først og fremst legg vi ut informasjon om kva som skjer i soknet, med gudstenester, konsertar og andre interessante arrangement. Som Twitter-bruker kan du fylgje @radoysokn. Er du på Facebook, kan du gå inn på facebook.com/radoysokn og trykke på "Like". Då vil du få våre statusoppdateringar inn på veggen din.



facebook.com/radoysokn



twitter.com/radoysokn

Familiennytt



Døypte

21.10.2012 Linnea Rosendahl Tunsberg
 11.11.2012 Angelica Lien-Marøy
 18.11.2012 Brage Høyland Nordal
 18.11.2012 Emil Pedersen Grindheim
 02.12.2012 Emilia Mathea Vetås
 Grindheim

Vigde

10.11.2012 Solfrid Burkeland Smith og
 Stein Olav M Skaten

Døde

06.11.2012 Marie Mjøs
 16.11.2012 Johannes Tolleshaug
 16.11.2012 Atle Håland
 04.12.2012 Borghild Hole Mjøs



(Alle datoar er seremonidatoar.)

Bli pipefadder!

*Bli pipefadder
 og støtt orgelet i
 Manger kyrkje!*
 Sjå radoysokn.no

Korleis har du det egentleg?
Kirkens SOS
815 33 300
www.kirkens-sos.no


**MANGER
 GRAVMONUMENT**
 5936 Manger • Tlf. 452 71 563
 Ring for avtale
 terje.skjelvik@broadpark.no

**Frantzen's
 Gartneri**
 BLOMSTERFORRETNING
 Manger Senter • 5936 Manger • Tlf.: 56 37 34 77


KVALHEIM VVS
 AUTORISERT RØRLEGGERFIRMA
 Postboks 1 - 5931 MANGER

 Tlf 5637 4073 / kval.vvs@frisurf.no
 Måndag - fredag 0900-1630
 Laurdag 1000-1400

FISKENETT
 MANGER

 5936 Manger • Tlf 56 34 98 60
 www.fiskenett.no

**Nordhordland
 Begravelsesbyrå AS**
 Vi ordner alt vedrørende
 dødsfall i distrikt og by.
 DØGNVAKT TLF 5637 1410
 www.nordh-bb.no



HENRY RATH
 AUTORISERT ELEKTROINSTALLATØR
 5939 SLETTA
 Tlf 56 37 21 08 Faks 970 94 785
 Henry@Rath.no Tlf 56 37 11 95


**MTI
 IT SERVICE**


Vatne Begravelsesbyrå AS
 Kvassnesveien 11 - 5914 Isdalstø
 Tlf 56 35 09 10 - Vakttelefon
 Tlf 56 35 16 61 - Kontor


BUNNPRIS
 Bøvågen Mat • Tlf 56 37 00 90

**RISNES
 ELEKTRO AS**
 Elinstallatør - Lampebutikk


SparebankenVest


REMA 1000
 bare lave priser
 Manger Senter
 09-22 (20) 5637 2255

Credex
 ØKONOMI AS
 Manger Senter
 Postboks 5 - 5931 Manger

Tørkelofter As
 Blomster & interiør
 Manger Senter
 Tlf: 563400
 torkelofter@gmail.com
 Vi hjelper deg med blomster til alle
 anledninger.


Smiths
 møte- og selskapslokale
 Manger— Ring 56 37 31 11
 leverer snittar, koldtbord og varm mat

**ENTREPRENØR
 Rune Ulvatn AS**
 5936 Manger, Tlf. 56 37 35 60


Vel møtt i kyrkja!

Hugs søndags-
skulen!
Oppstart
6.januar!

mandag 24. desember	1430	Emigrantkyrkja. Gudsteneste.
mandag 24. desember	1430	Sæbø kyrkje. Gudsteneste.
mandag 24. desember	1600	Manger kyrkje. Gudsteneste.
mandag 24. desember	1600	Hordabø kyrkje. Gudsteneste.
tysdag 25. desember	1200	Manger kyrkje. Gudsteneste.
tysdag 1. januar	1200	Sæbø kyrkje. Gudsteneste.
søndag 6. januar	1100	Manger kyrkje. Gudsteneste. Søndagsskule.
søndag 13. januar	1100	Hordabø kyrkje. Gudsteneste.
søndag 20. januar	1100	Manger kyrkje. Gudsteneste. Søndagsskule.
søndag 27. januar	1100	Sæbø kyrkje. Gudsteneste. Utdeling av NT.
søndag 27. januar	1600	Hordabø kyrkje. Gudsteneste. Utdeling av NT.
søndag 3. februar	1100	Manger kyrkje. Gudsteneste. Søndagsskule, Utdeling av NT.
søndag 3. februar	1600	Emigrantkyrkja. Gudsteneste. Utdeling av NT.
søndag 10. februar	1100	Hordabø kyrkje. Gudsteneste.
onsdag 13. februar	1900	Sæbø kyrkje. Aftansong på oskeonsdag.
søndag 17. februar	1100	Manger kyrkje. Gudsteneste. Søndagsskule.
søndag 24. februar	1100	Sæbø kyrkje. Gudsteneste.
søndag 3. mars	1100	Emigrantkyrkja. Gudsteneste.
søndag 10. mars	1100	Manger kyrkje. Gudsteneste. Søndagsskule.
søndag 17. mars	1100	Hordabø kyrkje. Gudsteneste.
søndag 24. mars	1100	Manger kyrkje. Gudsteneste. Søndagsskule.

*“...ein må ikkje berre sjå etter om det er gudsteneste i den næraste kyrkja,
men tenka at både Sæbø, Hordabø og Manger er mi soknekyrkje.”
Biskop Halvor Nordhaug, visitas 2012.*

Ei oppdatert liste over gudstenester og andre arrangement i kyrkjene finn du også på internett.
Gå til radoysokn.no eller følg oss på Facebook ([facebook.com/radoysokn](https://www.facebook.com/radoysokn)) eller Twitter (twitter.com/radoysokn)
Sjå dessutan kunngjeringar i lokalavisene.

**Neste nummer av Radar kjem ut i mars/april 2013.
Frist for innsending av artiklar/bilete er 5.mars 2013.**

Redaksjon: J.William Kay, Audun Sylta • Bilete: Marte Ottesen, Marta G.Hvidsten, Elin Klausen, Grethe Lunde, Audun Sylta.
Utforming: J.William Kay • E-post: radar@radoysokn.no
Trykk: Trykk Service A/S Knarvik



DEN NORSKE KYRKJA
Radøy sokn

